



Hordaland fylkeskommune
Fylkeskonservatoren
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

23 SEPT 2015



21. september 2015

SØKNAD OM TILSKOTT TIL KLIMAPROSJEKTET «VARMERE, VÅTERE VILLERE»

Dei to museumsnettverka Byggnettverket og Handverksnett har gått saman om å søke støtte til eit prosjekt om korleis musea kan møte klimautfordringane. Prosjektet har fått 750.000 kroner i støtte frå Norsk Kulturråd, fordelt over 2015 og 2016. Vi søker nå om tilleggsfinansiering frå aktuelle fylkeskommunar, og tillet oss å søke Hordaland fylkeskommune om eit tilskott på kr. 10.000 i 2015 og kr. 40.000 i 2016.

Prosjektet er nærmare omtala i den vedlagte kopien av søknaden til Kulturrådet.

Byggnettverket – Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum, har 24 medlemsmuseum og 2 andre medlemmar. Nettverket blir leia av Ryfylkemuseet.

Handverksnett – Museumsnettverk for tradisjonelt handverk, har 20 medlemsmuseum og 2 andre medlemmar. Nettverket blir leia av Lillehammer Museum, Maihaugen.

Roy Høibo er engasjert som prosjektleiar. Han har vore leiar for Hallingdal Folkemuseum, Ryfylkemuseet og Arkeologisk museum i Stavanger, han har professorkompetanse i etnologi, og har m.a. skrive utgreiinga «Bygningsvern på musea» for Kulturdepartementet (2011).

Prosjektet blir styrt av ei styringsgruppe med Hans Dybvad Olesen, Jærmuseet, Torger Korpberget, Handverksnett/Lillehammer museum og Grete Holmboe, Byggnettverket/Ryfylkemuseet.

Ryfylkemuseet er vertsinstitusjon for prosjektlearen, medan Jærmuseet er ansvarleg for økonomiforvaltinga i prosjektet.

Vi håper de finn å kunne støtte prosjektet.

Vennlig helsing
Roy Høibo